



DET KONGELIGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Etter høyringsliste

Dykkar ref	Vår ref	Dato
	13/598-	10.10.2013

Høyring – utkast til forskrifter i medhald av fiskesalslagslova

Fiskeri- og kystdepartementet sender med dette på høyring utkast til forskrift om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar, og forskrift om statens kontrollørar til fiskesalslaga. Høyringsfristen er seks veker, og vi ber om at innspel til forskriftsutkasta er mottekne av departementet innan **22.11.2013**. Innspel kan sendast elektronisk til Fiskeri- og kystdepartementets e-postadresse postmottak@fk.d.dep.no, eller på papir til postboks 8118 Dep, 0032 Oslo.

Lov av 14. desember 1951 nr. 3 (råfisklova) vil med verknad frå 1.1.2014 verte erstatta av lov av 21. juni 2013 nr. 75 (fiskesalslagslova). Det følgjer av fiskesalslagslova § 24 at forskriftene under råfisklova gjeld inntil dei vert oppheva, men departementet tek i alle høve sikte på at forskriftene som vert sende på høyring kan tre i kraft allereie 1. januar 2014. Innhaldet i forskriftene er langt på veg ei vidareføring av gjeldande rett, men dei inneheld nokre endringar som følgje av ny fiskesalslagslov.

Departementet vil på eit seinare tidspunkt sende på høyring forslag til ny forskrift om kvalitetskrav til hausting og handtering av råstoff, med heimel i § 16 i fiskesalslagslova. Det er behov for å ha ein grundig prosess med næringa og Mattilsynet før utkastet til forskrift er klart. Departementet vil også seinare vurdere om det er behov for å forskriftsfeste nærare føresegner om kontrollansvaret til fiskesalslaga, jf. fiskesalslagslova kapittel 6.

Med helsing

Magnor Nerheim
ekspedisjonssjef

Astrid Holtan
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje handskrivne signaturar.